

REIGSTAD BYGG OG EIGEDOM AS
Osterfjordvegen 124
5914 ISDALSTØ


Dato 14.06.2023
Vår referanse 2023/63720-2
Dykkar referanse
Sakshandsamar Lillian Bakke Byrknes
E-post Lillian.Bakke.Byrknes@vlfk.no
Telefon 45638702

Svar - Ber om førehandsuttale - dispensasjon frå byggegrense - fv. 565 - gnr. 137 bnr. 553 - Alver kommune

Vi viser til e-post mottatt 31.05.2023. De spør om ein førehandsuttale for dispensasjon for byggegrense på eigedom gnr 137 bnr 553 i Alver kommune. Det vert opplyst at det skal søkast til Alver kommune om frådelling av eigedomen.

Eigedomen er uregulert og ligg i område avsett til LNF-føremål i kommuneplanens arealdel. Frådelling og bygging på eigedomen krev dispensasjon frå LNF-føremålet, avkøyrsløyve og dispensasjon frå byggegrensa til fylkesveg.

Byggegrensa på staden er 50 meter frå vegmidte. Det vert vist på innsendt situasjonskart at det er ønske om å bygge bustad ca. 26 meter frå vegmidte.



Utsnitt frå innsendt situasjonskart

Vestland fylkeskommune ønsker at tiltaket skal vera avklart etter plan- og bygningslova før vi eventuelt behandlar ein søknad om dispensasjon frå byggegrensa. Vi vil skrive ein uttale til tiltaket når vi får det oversendt frå kommunen.

Med helsing

Kari Elster Moen
fagkoordinator
INV - Forvaltning Bergensområdet

Lillian Bakke Byrknes
rådgjevar
INV - Forvaltning Bergensområdet

Brevet er elektronisk godkjent og har difor inga handskreven underskrift